



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Ørsta rådhuset, Vartdalsfjord  
**Dato:** 25.04.2019  
**Møtet starta** Kl. 13.00  
**Møtet slutta** Kl. 15.55

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar. Ikkje i sak 17/19
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar.
Peder Slenes	Medlem.

#### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Kari Janne Myklebust	Medlem.
Stina Aasen Lødemel	Medlem.

#### Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Sylvi Gula Hovdenakk	Stina Aasen Lødemel
Bjørn Støylen	Kari Janne Myklebust

#### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.
Karoline Sighaug	Konsulent.

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

#### Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
Oddvar Marøy	Stabsjef sak 18/19
Jan Inge Bueide	Økonomileiar sak 17/19

## **SAKLISTE**

- SAK 11/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 12/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 13/19 MELDINGAR
- SAK 14/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 15/19 KONTROLLRAPPORT – ÅRSMELDING 2018 –  
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 16/19 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018
- SAK 17/19 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018
- SAK 18/19 ORIENTERING – INNFØRING AV ELEKTRONGSK KJØREBOK OG  
RUTINAR KNYTA TIL DETTE
- SAK 19/19 ORIENTERING FRÅ NKRF KONFERANSEN
- SAK 20/19 RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING PÅ KU-SAK 04/19
- SAK 21/19 SENTRUMSTOMTENE I ØRSTA SENTRUM, ATTENDEKJØP –  
VURDERING
- SAK 22/19 ORIENTERING FRÅ LEIAREN I KONTROLLUTVALET

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/19	033	29.01.2019	25.04.2019	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent. Saksbehandling i denne rekkefølga: 11, 12, 13, 14, 15, 16, 18, 21, 19, 22, 20 og 17.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Sylvi Gula Hovdenakk.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19	049	29.01.2019	25.04.2019	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 23.01.2019.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 23.01.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/19	033&17	05.04.2019	25.04.2019	KS/JS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### Vedlegg

1. Sivilombudsmannen, publisert 08.01.2019 «Lukking av møter i kommunestyret og formannskapet».
2. Møre-Nytt 2.februar 2019 «Fann manglar i innkjøpsavtalar».
3. Interkommunalt PPT samarbeid i 4 kommunar.
4. Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 14.02.2019, sak 4/19  
Årsmelding for kontrollutvalet 2018.
5. Fagkonferanse og årsmøte 2019.
6. E- Veileder – Kontrollutvalgets påse- ansvar ovenfor regnskapsrevisor».
7. Frå bladet «kommunerevisoren 1-2019 «Løft blikket!».

<b>Saknr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
14/19	033&58	29.03.2019	25.04.2019	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt ingen kommentarar til gjennomgatte møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb> og på [www.vor.no](http://www.vor.no)

### Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Kommunestyret	<b>14.02</b>	<b>28.03</b>	
Formannskapet	<b>05.02</b>	<b>19.03</b>	<b>09.04</b>
Eldrerådet	<b>06.02</b>	<b>18.03</b>	
Landbruksnemnda	<b>15.01</b>	<b>26.02</b>	<b>04.04</b>
Vilt- og innlandsfiskeremnda			
Råd for likestilling av funksjonshemma	<b>12.02</b>	<b>20.03</b>	
Valstyret	<b>19.03</b>		
Samfunnsutvalet	<b>22.01</b>	<b>05.03</b>	<b>02.04</b>
Levekårsutvalet	<b>23.01</b>	<b>06.03</b>	<b>10.04</b>
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	<b>28.01</b>	<b>20.02</b>	<b>04.03</b>
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt			

Ungdomsrådet

Samfunnsutvalet som –  
trafikktryggingsnemnd

VØR IKS Styret	<b>05.02</b>
VØR IKS Representantskapet	
VØR IKS Klageutvalet	
Retura Søre Sunnmøre AS	

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/19	232	20.03.2019	25.04.2019	KS

## KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT FOR 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

### Samrøystes vedtak/uttale

1. Kontrollutvalet forventar at skatteoppkrevjaren oppfyller kravet til talet på arbeidsgivarkontrollar. Tilstrekkelege resursar må avsetjast til arbeidsgivarkontroll.
2. Kontrollutvalet har elles, ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport og Skatterekneskapen for 2018.
3. Kontrollutvalet i Ørsta har merknadar til at årsrapporten for interkommunal arbeidsgivarkontroll er skrevet på bokmål, til tross for at administrasjonsspråket i fleirtalet av kommunane er nynorsk.  
Vi ber for ettertida om at årsrapporten for interkommunal arbeidsgivarkontroll vert skrevet på nynorsk.

### Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten av 15.02.2019
- Årsrapport for 2018 frå Skatteoppkrevjaren.
- Skatterekneskapet for 2018 av 20.02.2019
- Årsmelding for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018 av 17.01.2019

### Saksopplysning

Viser til kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Følgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgjevarkontroll er ikkje utført i tilstrekkelig omfang 2,2% ( 9 kontrollar mot eit krav på 21). (3,7 % i 2017 og 1,9% i 2016) medan kravet er på 5%.  
Kontrollane er utførde av den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen viser kr 277.117.532 i 2018. I 2017 var beløpet kr 268.472.318.  
Det vil seie ein auke på kr 8.645.214, eller om lag 3,22%.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/19	216	15.04.2019	25.04.2019	KS/JS

## REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, ut frå gitte og kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2018.

### Vedlegg:

Revisjonsrapport 2018. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk)**

### Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen. og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren: (RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor, jf. RF §11  
*Krava her er fulgt opp.*
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg, jf. RF §12  
*Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.*
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit, jf. RF §15  
*Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.*
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet, jf. RF §13 og §14.  
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.  
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.  
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.  
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til saka, revisjonsrapport 2018, dokument frå revisjonen.*

*Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2018 rekneskapen.*

*Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.*

#### Frå oppsummeringa

Konklusjonsmomenter gir veldig grei oversikt.

Totalkonklusjon:

Det er ikkje avdekka feil i revisjonsarbeid, som ikkje har blitt endra utover det som er skissert foran (viser her til B-dokumentet), og det er ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det ligg føre vesentlege feil som ikkje har blitt avdekka som vil påvirke arbeidsvesentlegheitsgrensa slik at den vert overskriden, fastsett til 5,4 mill. Notar er kontrollerte, og alle lovpålagde notar går fram av årsrekneskapen. Årsrekneskapen kan derfor leggast fram slik den ligg føre.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.  
*Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.*
7. Revisjonsstrategi.  
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 34/18.*
8. Nummerert brev, jf. RF §4  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
9. Mislegheiter, jf. RF §§ 3 og 4, KF §8  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året..*
10. Revisjonsmeldinga, jf. RF §5  
*Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 12.04.2019.*
11. Revisor sin møteplikt og møterett, jf. RF §19, KF §19.  
*Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
12. Revisor sin opplysningsplikt, jf. RF §20.  
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

#### **I møtet:**

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Leiar Svein Castberg fikk permisjon i sak 17/19, og forlet møte.  
Nestleiar Anne Stine Foldal Aam leiar møtet i sak 17/19.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/19	212	15.04.2019	25.04.2019	KS/JS

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 12.04.2019.
2. Kontrollutvalet meiner at Ørsta kommune sitt årsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr 4.115.530 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk kr 14.134.640, og som er sett saman av balanse per 31.12.2018, og driftsrekneskap som viser at kommunen totalt har hatt kr 621.314.784 til disposisjon, men har fordelt/brukt kr 607.180.640 på rammeområda, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.

### Vedlegg

- Rekneskap 2018 med revisjonsmelding.
- Årsmelding 2018 del 1 (Pliktig informasjon)
- Årsmelding 2018 del 2 (Rådmann og seksjonar)
- Vedlegg til årsmelding del 2
- Kommunaløkonomiske ord og uttrykk

### Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding (side 5, 6 og 7 i rekneskapsdokumentet), rekneskap og årsmelding for 2018.

Rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14.134.640 (Kr 14.265.909 i 2017).

### Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2018 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.  
Beløpa i årsrekneskapen viser avvik, meirforbruk i høve regulert budsjett på fleire rammeområde, medan andre har mindreforbruk  
Investeringsrekneskapen viser fleire prosjekt som manglar budsjett eller har overskridingar.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.



- Leinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### **Rekneskapen**

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Innholdslista finn ein på side 2.

Notane frå side 33 «1 til 21» gir veldig gode forklaringar/informasjon og bør lesast.

Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

### **Årsmelding Del 1 Pliktig informasjon**

Innholdsliste side 1.

Vurdering av vesentlege avvik i driftsrekneskapen finn ein i rekneskapsskjema 1A side 10 og 11

Vurderinga av vesentlege avvik i investeringsrekneskapen finn ein i rekneskapsskjema 2A side 12 – 16 der avvika er kommenterte frå rådmannen.

### **Årsmelding Del 2 Rådmann og seksjonar**

Innholdsliste side 1

Ein viser elles til sjølve dokumentet som har fyldig og detaljert informasjon frå seksjonane.

### **Avslutning**

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2018 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018 i høve forslaget til uttale. Men vil gjere merksam på at det kjem fram fleire rammeområde har meirforbruk og at investeringsrekneskapen viser at fleire prosjekt manglar budsjett eller har overskriding, noko som også vart peika i uttalen for 2017 rekneskapen.

Det kjem fram i forklaringa frå rådmannen for 2017 og også for 2018 rekneskapen at rutine for budsjettering av investeringar har stor fokus og vert stadig forbetra, noko som dei meiner vil gi positiv effekt.

For 2018 rekneskapen skriv rådmannen «Når meirforbruket likevel har auka siste året skuldast det truleg ikkje mangel på rutinar, men at rutine ikkje vert fylgde. Rådmannen tek dette alvorleg og kjem til å setje i verk nye tiltak i løpet av året».

Kontrollutvalet bør følgje opp «saka» med orientering frå rådmannen på første møte etter ferien, som er 16.09.2019.

### **I møtet**

Revisjonssjef Bodill Skeide svarte på spørsmål.

Økonomileiar Jan Inge Bueide møtte i denne saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/19	030&18	15.04.2019	25.04.2019	KS

## **ORIENTERING – INNFØRING AV ELEKTRONISK KJØREBOK OG RUTINAR KNYTA TIL DETTE.**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

### **Vedlegg**

E-post 13. april 2019 «Elektronisk kjørebok».

### **Saksopplysningar**

Orientering frå stabsleiar Oddvar Marøy.

### **I møtet**

Stabsleiar Oddvar Marøy delte ut rutinar for elektronisk kjørebok, deretter orienterte og svarte han på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	030&18	05.04.2019	25.04.2019	KS

## **ORIENTERING FRÅ NKRF KONFERANSEN**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

### **Vedlegg**

Programoversikt.

### **Saksopplysningar**

Kontrollutvalsmedlem Anne Stine Foldal Aam orienterer frå NKRF konferansen.

Presentasjonane frå programmet finn ein her: <https://www.nkrf.no/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2019>

### **I møtet**

Anne Stine Foldal Aam orienterte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/19	030&18	09.04.2019	25.04.2019	KS/JS

## **RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING PÅ KU-SAK 04/19**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå rådmannen vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen syte for at blir tilfredsstillande sekretærfunksjon for ungdomsrådet.

## Vedlegg

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 04/19 slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet har registrert at ikkje alle møteprotokollar er tilgjengelige på kommunen sin heimeside. Utvalet har særleg merket seg mange protokollar frå sakkyndig nemnd for skatteobjekt og ber om at alle protokollane frå 2018 vart lagt ut på heimesida.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen sørge for at innkalling, sakliste, saker og protokollane for alle nemnder og utval vert lagt ut på kommunen si heimeside, då med unntak av B-saker.
4. B-saker skal sendast til kontrollutvalet sitt sekretariat Vest kontroll.

Vi har fått slik tilbakemelding frå rådmannen:

Erling Brekke svarer slik i høve eigedomsskatt:

*Eg forstår det slik at eg skal sende over til kontrollutvalet innkallingar m/ saksinnhald og protokollar for 2018 innan 1.3.*

### Sakkunnig nemnd for taksering av eigedomsskatteobjekt (skattenemnda):

Når det gjeld innkalling/sakliste og protokollar til skattenemnda så er stoda slik:

- Ørsta kommune manglar ein funksjon i ephorte, som gjer at vi ikkje får produsert offentlege møteprotokollar når det er B-saker i møta. I skattenemnda er det med få unntak alltid B-saker.
- Det er gjort fleire forsøk på å rette opp i dette problemet over dei siste par åra, men vi har dessverre ikkje lukkast.
- Sidan ephorte skal bytast ut i sommar, har det vorte konkludert med at vi ikkje brukar tid og pengar på å få ordne opp i dette problemet i ephorte.
- Innkallingar/saklister og protokollar vert lagt ut på heimesida som til andre møte, men vert koda med unnateke offentleg innsyn. Det vil dermed berre vere mogleg å sjå dei saksprotokollane som ikkje er unnateke offentleg innsyn.

Jamfør vedtak i Ørsta kommunestyre 02.05.13, er det eigedomsskattekontoret som er sekretariat for skattenemnda:

- Konsulent på eigedomsskattekontoret utarbeidar saker og produserer og sender ut innkalling og sakliste
- Politisk sekretær er behjelpeleg med å produsere og skrive protokoll frå møta. Sekretær sender ferdig protokoll til eigedomsskattekontoret, som tek seg av det vidare arbeidet med godkjenning og liknande.
- Konsulent på eigedomsskattekontoret produserer og sender ut melding om vedtak

Oversending av innkallingar/saklister, protokollar og B-saker til kontrollutvalet, bør etter ovannemnde vere eigedomsskattekontoret si oppgåve.

### Levekårsutvalet:

Manglande protokoll frå levekårsutvalet 05.12.18 er no lagt ut. Ein glipp i publiseringrutinane gjorde at denne ikkje er lagt ut tidlegare. Beklagar dette.

### Ungdomsrådet:

Etter at sekretær for ungdomsrådet, Rebecca Riise Bjerknæs, tok til som dagleg leiar for Ørstahallen, har det så vidt eg kjenner til ikkje vore sekretær i deira møte. Dette rådet er difor ikkje følgt opp slik det skal, og verken møte, innkallingar eller protokollar er publisert etter 30.04.18. Politisk sekretariat har fått førespurnad om å ta over sekretærfunksjonen i ungdomsrådet, men har ikkje kapasitet til å ta på seg dette.

Sekretariatet har fått kopi av B-protokollar frå sakkunnignemnd som vert tekne med til møtet.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/19	040	15.04.2019	25.04.2019	KS/JS

## SENTRUMSTOMTENE I ØRSTA SENTRUM, ATTENDEKJØP – VURDERING

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet viser til notat frå advokat Kvammen av 10.04.2019 og tek til vitende at grunneigar ikkje har rettsleg grunnlag for å krevje tilbakekjøp av det som var avstått under trussel om oreigning sjølv om dagen sine tilhøve er endra.
2. Kontrollutvalet registrerer at det ikkje er kritikkverdige forhold i kommunen sin saksbehandling/saksgang i høve lovverket i denne saka.

### Vedlegg

Notat av 10.04.2019 frå advokat Kvammen, med to vedlegg.

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 10/19 slikt vedtak: «Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente ekstern juridisk kompetanse for vurdering om eigar har gjenkjøpsrett».

Vi har no innhenta vurdering frå advokat Kvammen, jamfør vedlegg, som har slik oppsummering:

«Det kan legges til grunn at spørsmålet om gjenerverv eller tilbakekjøp må stå i samme stilling som om ekspropriasjon var foretatt. Tilsvarende vurderinger av interesseovervekt var da avgjørende for kommunens arealkjøp til trafikkformål.

Eiendommen skal p.g.a. endrede forhold ikke benyttes til det formålet den ble ervervet for. Men på ervervstidspunktet var det antagelig ikke mulig å forutse at behovet og bruken ville bli en annen enn den som fulgte av den planen som gjaldt i 2003.

Spørsmålet om det ved ervervet ble stillet vilkår om *at «eigedomen eller retten skal nyttast på ein viss måte innan ein viss frist»*, på tilsvarende måte som etter oreigningsloven § 10, må vurderes ved en tolkning av avtalen om avståelsen av arealet. Innholdet i den avtalen som er fremlagt og som Ørsta kommunestyre og grunneierne godkjente tyder ikke på dette.

Jeg kan derfor ikke utfra det foreliggende se at vedkommende grunneier har noe rettskrav på gjenerverv eller tilbakekjøp av det som ble avstått under trussel om ekspropriasjon selv om dagens forhold er endret slik at tilsvarende avtale ikke ville ha blitt inngått i dag.

Et annet spørsmål er om kommunen finner å ville inngå tilbakekjøpsavtale på frivillig grunnlag. Dersom kommunen på kort sikt tar sikte på å avhende arealet, vil kanskje noen utfra etiske hensyn mene at forrige eier bør ha en forkjøpsrett under ellers like vilkår, vil det etter mitt syn i

alle tilfeller være vanskelig å se for seg noen gunstigere løsning for tidligere eier. Men slike forhold dreier seg imidlertid om politiske vurderinger som klart ligger utenfor kontrollutvalgets område.

For kontrollutvalget er det til vanlig sentralt å vurdere kommunens saksbehandling i forhold til loven.

Jeg har så langt ikke funnet kritikkverdige forhold i saksgangen.

Mine vurderinger i så måte bygger bl.a. på at endringene ikke var mulig å forutse da avtalene ble inngått.»

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/19	030&18	08.04.2019	25.04.2019	KS

## ORIENTERING FRÅ LEIAR I KONTROLLUTVALET

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende og ber leiaren ta opp saka.

### Vedlegg

Ingen vedlegg.

### Saksopplysningar

Leiaren i kontrollutvalet gir tilbakemelding på kontrollutvalssak 09/19.

### I møte

Leiaren meiner dørene må lukkast i saka. Debatten om lukking av møte vart halden for lukka dører.

Dørene vart så opna og kontrollutvalet røysta over forslag til lukking med heimel i kommunelova §31 (4) for omsynet til personvern krev det.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møte i forhandlingane.

Dørene vart lukka og forhandlingane vart gjennomført.

Dørene var opna igjen og det var gjort vedtak i saka.

### Møtet slutt.

Sven Castberg  
- leiar -

Sylvi Gula Hovdenakk  
Vara

**Møteprotokollen går til:**

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Ordfører til orientering.

Rådmann til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.